

BOKN BYGDABLAD

Nr 4 mai 2003 - Årg. 18

www.bygdabladet.no



Sjukdom - s. 4



Legg ned - s. 9





Mår - s. 21



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Taxi

Me har alle savna ein Taxi på Bokn og kommunen har arbeidd med å få til ei ordning. Det har me nå lykkast med og Dag Rasmussen, som bur i Føresvik, vil starte opp med køyring gjennom Haugaland Taxi så snart det formelle rundt løyvet er på plass.

Bokn Fiskemottak

For å sikre vidare drift på Bokn Fiskemottak AS har Bokn kommune kjøpt driftsbygningen av bedrifta. Avtalen er og bunde opp mot ein leieavtale mellom Bokn kommune og Bokn Fiskemottak AS kor kommunen får dekkja sine kostnader med kjøpet.

Tidlegare eigarar og nokre ansatte har og gått inn med kapital, samt at SR-Bank held fram med sitt engasjement i verksemda.

Det er svært viktig for dei tilsette på bedrifta og Bokn som samfunn, å opprettholde arbeidsplassen. Det som er gjort vil styrke verksemda og ho vil stå godt rusta for å møte framtida.

Saum og sying

Formannskapet har og gitt tilskot og lån til Elin Johnsen i samband med etablering av næringsverksemd innan saum og sying. Det vil bli høve for å få seg sydd bl.a. bunad og kjøpe stoff av Elin.

Alvestadkroken Landhandel

Eg er svært glad for at Per Våge og Siv Overå har satsa på å drive butikk i Alvestadkroken. Det er viktig for miljøet og livet i Alvestadkroken og på Bokn at butikken er open.

Krovågen hestesenter

Eg vil og nevne ridesenteret til Kari Christensen i Kro som og har fått støtte av kommunen. Ho har nå stor pågang til rideskule og ridekurs, og håpar at det på sikt kan byggjast ut og bli eit levebrød.

Austre Bokn Handelslag

Det er alltid trist når noko må leggjast ned, men det var ikkje lengre liv laga for Austre Bokn Handelslag. Eivind Øvrebø og Ingunn Våge, og andre før dei, har tent folket på Austre Bokn lenge, og eg vil takke dei for lang og

tru teneste for Handelslaget og austre-boknarane.

Ein stor del av innbyggjarane på Austre Bokn har gått saman om å overta bygget, og vil arbeide for å få ny aktivitet saman med kommunen.

Bokn Bygdeservice

Til slutt vil eg nevne Bokn Bygdeservice, som er etablert i samarbeid med Tysvær Bygdeservice. Dei vil kunne utføre praktisk hjelp til alle på Bokn.

Det er svært viktig og positivt at me har folk som vil og tør satse på å skape sin eigen arbeidsplass.

Det kan gi grunnlag for fleire arbeidsplassar, og det er avgjerende for utviklinga på Bokn at der er arbeidsplassar her og at ikkje alle må pendle. Servicegraden på Bokn aukar og Bokn blir ein endå betre plass å bu.

Eg vil ønske alle lykke til og oppfordre alle til å benytte seg av dei tilboda me har på Bokn.


17. mai

Det vil også i år bli ei tradisjonell 17. mai-feiring på Bokn, og eg vil oppfordre flest mulig til å delta i toget og aktivitetene.

Sjå program for dagen s. 13 og 14.

Vel møtt til ein fin feiring av nasjonaldagen.

Svein Ove



Stor pågang til rideskule og ridekurs på Krovågen hestesenter.

Omsorgsbustader i rute

Reidar Alvestad

Alt før kommunen har avertert ledig nye omsorgsbustader, er det kome inn mange søknader.

Det er 9 nye bustader i det nye bygget som nå blir sett opp mellom Boknatun og dei 8 år gamle omsorgsbustadene som kommunen bygde i 1995.

Bokn kommune vil litt seinare avertera ledige omsorgsbustader. Når søknadsfristen er ute, må ein vurdera søkjarane i forhold til helse, nåverande bustad og den totale situasjonen til den enkelte. Det er her fleire faktorar som kjem inn og dannar eit fullstendig bilde.

Kommunen vil måtta ta ei fullstendig vurdering av alle omsorgsbustadene, og kor det er mest hensiktsmessig for den enkelte å bu.

Husleigene er ikkje endeleg fastsette ennå. Dei fleste trygda som ikkje har særleg store tilleggsinntekter får bustøtte som er med og set den netto husleiga pr. mnd. ned.

I tilkoplingsdelen med Boknatun er det heis som fører heilt opp til loftet over sjukestova pluss trapper mellom 1. og 2. etasje i nybygget.



Mot aust er arbeidet nå kome så langt at ein ser korleis fasaden blir.

Tåganes Eiendom ynskjer å bruka kaien

Reidar Alvestad

Søkjer kommunen om å disponera kaien

Tåganes Eiendom eig det gamle handelslaget på Austre Bokn. 27 aksjonærar har inngått ein avtale om kjøp av handelslaget, og er i ferd med å stifta aksjeselskapet Tåganes Eiendom a.s. Kjøpesummen er kr. 400.000,-. Dette tilsvarar handelslaget sitt akku-

mulerte underskot ved opphøyrsgdato. Aksjonærane er samtlige tidlegare medlemmer i handelslaget. Føremålet med Tåganes Eiendomsselskap a.s. er først og fremst å driva utleigeverksemd av eigedommen.

Det er i ein søknad til Bokn kommune om å få disponera den kommunale kaien ved det gamle handelslaget at desse opplysningane blir framlagde. Kjøpesummen er dels finansiert ved privat låneopp- tak, og det er søkt om lån i Kaja Larsen Kro sitt fond.

Tåganes Eiendomsselskap har leigd ut husværet i 2. etasje av handelslaget. Dei opplyser i søknaden at dei ynskjer å disponera den kommunale kaien vederlagsfritt i 10 år, og vidare ha mulighet til å forlenga ein vederlagsfri diposisjonsrett. Dei ynskjer også å få forkjøpsrett til kaien i tilfelle av at salg skulle bli vur- dert etter utløpet av 10 års perioden.

Avventande svar frå kommunen

Bokn formannskap behandla søknaden den 24.april, og vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette går ut på at formannskapet ser positivt på at det blir arbeidd med planar for å leggja til rette for nærings- utvikling i handelslaget sine tidlegare lokale, og at ein ser det som naturleg at ei eventuell næringsverk- semd kan disponera kaien.

Formannskapet vil lilkevel avventa å ta endeleg stil- ling til søknaden til kommunen sin statusrapport for kaien er ferdig, og/eller Tåganes Eiendom a.s. er kome fram til konkrete næringsplanar for bruk av bygningar og kaiområde.



Her ligg dei bygningane som Tåganes Eiendomsselskap a.s. nå disponerer.

I tillegg ynskjer dei å kunna bruka den kommunale kaien som ligg i tilknytning til dei andre bygningane for å ha fleire muligheter når det gjeld utnytting av eigdommen.

Når sjukdom slår til

Kjetil Hamre

Bernhard Våge opplevde alle saueeigarars verste mareritt når skrapesjuke vert registrert på garden. No vert det ei karantenetid på 2 år, men om det vert meir sauehold på garden i framtida er Bernhard usikker på.



Dyra har det godt hjå Bernhard.

Skrapesjuke på sau er ein frykta sjukdom. Bonden er nok mest redd på grunn av dei store konsekvensane det medfører, men også mannen i gata reagerer når skrapesjuke dukkar opp.

Kva er skrapesjuke?

Skrapesjuke skuldast eit lite infektøst protein kalla Prion. Det rammar sentralnervesystemet og gir sauen ein hang til å klø seg og blir ustødig i ganglaget. Sjukdommen kan ligga latent hjå dyr i opp til 8 år sjølv om utbrotet vanligvis slår ut mykje tidlegare.

Det finst to typar av skrapesjuke. Den klassiske typen blir oppdaga ved at dyret får symtoma kløe og/eller nervøse trekk. Den atypiske kan komme til syne ved ustødig ganglag, men er like ofte symptomfri. Den klassiske skrapesjuka er smittsam medan den atypiske kan smitte i teorien. Det er påvist ca. 20 tilfeller av atypisk skrapesjuke, og dei har alle vært isolerte tilfelle utan å ha smitta andre dyr i besetningane. Likevel vil ein besetning der atypisk skrapesjuke vert påvist slakta ned i med føre var prinsippet som grunngeving.

Første gong

I 1996 opplevde Bernhard Våge å måtte slakta ned heile besetninga. I dei tider var det andre retningslinjer for handtering av skrapesjuke. Myndighetene fulgte i den sjuke sauen sitt fotspor, og alle besetningar som på ein eller anna måte kunne knyttast til sauen vart avliva. Sjølv om Bernhard ikkje hadde påvist skrapesjuke hjå



Pelssauen slappar av, og anar fred og ingen fare.

seg var det ein link, og det var ingen veg utanom nedslakting. Bernhard meiner at avlsmessig var den besetninga klart betre enn dagens, sjølv om dagens viste ei stor forbetring dei siste to åra.

Ny besetning

I 1996 kjøpte Bernhard nye sauer. Rasen blir kalla pelssau og er den einaste besetninga i Bokn.

Det året var det mange kjøparar og underskot på sau. Det førte til at livdyra ikkje alltid var av topp kvalitet, men jevnt og trutt arbeide bar frukter. Han hadde ingen indikasjonar på skrapesjuke, men ein rutinemessig kontroll av ein sau som døydd etter å hatt mjøkefeber ga den lite velkomne diagnosen. Nye rutiner gjer at det vert tatt prøvar av alle dyr over ett år dersom dei dør. Kvar smitten kjem frå veit ingen. Den kan ha vært latent og dermed sansynliggjør dette at sauen har hatt smitta med seg når den vart kjøpt, men kan også ha fått smitten seinare. Dette veit me lite om og vert førebels berre spekulasjonar.

Omfattande saneringstiltak og to års karantene etter at tiltaka er gjennomført må til for at Bernhard kan byrja med sau igjen. Om det skjer er usikkert, men ingen kan spå om framtida. Økonomisk er sauehold inga gullgruve, og det er ein viktig faktor for Bernhard med tanke på oppstart av saueholdet.

Seindrektige sauer

Bernhard har 118 sauer som har fått eller skal ha lam. Til no er det født 180 lam, men lemminga er ikkje over så dette talet vil stige. Ut over det har han ca. 20 dyr som ikkje ventar lam. Det var nødvendig å la sauene få lamma sidan det er i strid med dyrevernlova å frakta seindrektige sauer. Alternativet hadde vore slakt på garden, noko Bernhard av forståelige grunnar ikkje var innstilt på. For tida er det idyll på Våga.

Sauer og lam er ute og nyter vårsola, men nok ein gong må Bernhart sende dyra sine til destruksjon. Nok ein gong vert utmark og enger ståande tomme. Det vert ingen lystige og kåte hopp frå lamma og lufta vert utan engstelig breking frå mødrene.

Bernhard ville gjerne seia takk for støtta i ei vanskelig tid. Spesielt til naboar, men óg heile boknasamfunnet. Bokn Bygdablad vitja ein positiv Bernhard Våge med blikket retta mot framtida, og Bygdabladet ynskjer Bernhard og familien hans lukke til med framtida.

Tunge skyer heng over Våga som eit varsel på framtida. Sau og lam bryr seg lite om det og nyt våren så lenge dei kan.



Siste:

Bonden Tor Asle Grønningen frå Torvastad er førebels den siste som har fått påvist skrapesjuke. Det er som hos Bernhard Våge snakk om den atypiske formen av sjukdommen. Sauen på Torvastad hadde ingen symtomer ut over at den verka sliten dagane før lamminga.

Søya døydde kort tid etter amminga og rutinemessig prøvetaking påviste altså skrapesjuke. Det er ca. 120 dyr som må bøta med livet. Tor Asle Grønningen har drive med sauehold i 15 år. Det er likevel ikkje nokon krisestemning på garden. Saueholdet har nesten vore som ein hobby å rekne. Det er storfe, mjølkekyr og ungdyr, som er bærebjelken i gardsøkonomien.

Grønningen reknar med at han kan starta opp med sauehold om ca. 3 år og reknar det som sikkert at han vil starta opp att når tida er inne for det. Det har vore ei gjennomgang av kontakt-nettet til sauene for 10 år tilbake. Dette kan føra til at 7 andre besetningar kan bli berørte i varierende grad, men kva konsekvensane blir er uklart i dag.

Kilde: Haugesunds Avis

Fullmåne over Bokn 20.11.02

Tekst & foto: Kjetil Hamre

Rett før morgengry møtes natt og dag. Det er en magisk time og dersom du er så heldig å slumre lett eller er i en døs kan du høre deres hviskende stemmer.

Nått og dag

Når Nåttå møte Dagen slår di gjerna av ein prat
Di sette seg ved bordet og spise natt og morgenmat
Di diskutere ka så skjer å ka di kan finna på
for menneskene på jordå vett di ikkje sin arme råd

Folk ser jo bare spøkelser seie nåttå høgt te dag
og eg som bare vil gi menneskene fred og velbehag
Dagen slite også for ront seg ser ann mennesker så blør
for sånn så oss e Dagen ann lig'ikkje å se mennesker så dør

Nåttå er meir avslappa han e vant med mennesker så sovne inn
men e ikkje glad for døden skapt av onde sorte sinn
Og Nåttå blir fortvila over mennesker i skrekk
sjøl Solå klare ikkje alltid jaga spøkelsene vekk

Dag tar Nått i håndå og sette ned sitt sprukne krus
han finner klut og ekstra glans naturens egen rus
Nått ser bort på Solå den skinner vakkert men e svak
Han smile lett for mennesket bor onna eget himmeltak


Nått forsvinne stille Dag tar klut og glans og går
han vil la Solå skinna sterkt og gi ein tidlig vår
Dag pusse hardt og grundigt og ser beundrande sitt verk
for i Solå e det livskraft den varme sjelå sterk

Stor byggeaktivitet i Bokn

Reidar Alvestad

8 nye bustader til nå i år

Dei siste 4 åra frå 1999 - 2002 vart det bygd 12 bustadeiningar i Bokn. Altså eit snitt på 3 bustader pr. år. Plutseleg har alt endra seg i 2003, og til nå i år er 8 nye bustadeiningar under oppføring. I tillegg er det 4 - 5 som har byggeprosjekt under planlegging. Det kan bety at alt det førebuande planarbeidet ikkje er ferdig, og det kan vera ulike grunnar til at det ikkje er starta opp ennå. Det vil vera truleg at dei fleste av desse siste også med tid og stunder blir realiserte.



Det kommunale byggefeltet på Øyren på Austre Bokn har nå 7 bustader inkludert dei kommunale ungdomsbustadene. Nå er to nye under oppføring. Her er det eine

9 omsorgsbustader

I tillegg til dei som er nemnde ovafor, blir også 9 omsorgsbustader ferdigstilte til hausten. Totalt sett blir det altså eit stort antal ferdige bustader i Bokn i år.




Neste grunnmur for hus på Øyrenfeltet ligg klar for byggearbeidet.

Tilfeldig?

For å få oversikt over byggeaktiviteten, er det viktig å sjå på gjennomsnittstal over fleire år for å sjå om det er nokon tendens opp eller ned. Det er påfallande at så mange har sett i gong bygging i år, og at fleire har bustader under planlegging. Me kan håpa på at det er ein ny tendens til at fleire unge slår seg ned i kommunen. Ser me nærare på dei som bygger nå, så

er dei aller fleste yngre familiar som bur i midlertidige bustader i dag. Nærare tendenser på folketalsutviklinga ser me nok på oversiktene over folketalsutviklinga framover.


Hans Faye ved teknisk seksjon seier til Bygdabladet at det ikkje har hendt tidlegare at så mange nye hus blir bygde innafør eit enkelt kalenderår.



Innimellom etablerte bustader i Alvestadkroken blir det her støypt grunnmur til eit nytt hus.

Fødselsoverskot?

Fram til nå har det i år vore 9 fødsalar i kommunen, og fleire er i vente. Det er også eit positivt teikn. Det kan gi eit godt fødsels-overskot for året totalt sett. Ein ser likevel at det er inn- og utflyttingane som slår mest ut når det gjeld auke eller nedgang i folketalet. Stor auke i bustad-bygging er uansett eit positivt teikn på folketalsutviklinga.



Byggefeltet i Alvestad Sør er snart fullt. Her eit hus som skal setjast opp på ei av dei øvre tomtene. Fleire av dei påbegynte husa vil bli bygde utanom byggefelt. Det gjeld både på Austre og Vestre Bokn.

Barnehagen

Eit anna positivt signal er talet på barn i barnehagen. Pr. i dag er det fleire søknader om plassar enn ein kan tilby. Det er difor fleire på venteliste. Reint fysisk er det rom og plass nok, men for lita bemanning til å ta inn fleire. Dersom alle som har søkt skal få plass, må ein utvida bemanninga noko.

Byggeskikkpris

Reidar Alvestad

Bokn kommunestyre vedtok i desember 2001 retningslinjer for tildeling av Bokn kommune sin pris for god byggeskikk.

Etter dette har prisen ikkje vore utlyst, men i år vil kommunen prøva å finna ein verdig kandidat. Som ein ser av retningslinjene, kan prisen verta gjeven til byggherrar som etter juryen si meining har vist allmenn god byggeskikk ved å ta omsyn til klima, landskap og tomt, ved å harmonisera byggverket med eksisterande bygningar i volum, form og fargebruk, ved å søkja løysingar tilpassa staden, gjerne i nytt formspråk og ved nye materialer der behov og funksjonar tilhøyrer notida, ved å leggja vekt på lokale byggetradisjonar og materialbruk og ved estetiske, funksjonelle og økonomiske utfordringar og planløysingar.

Medlemmer i juryen

Medlemmene i juryen er pr. i dag desse:

- Seksjonssjef teknisk Hans Faye
- Leiar av forvaltningsstyret Kleng Våga
- Arkitekt Arne Tveit
- Steinar Alvestad
- Seksjonssjef kultur Jardar Havikbotn som også er sekretær for juryen.

Kommunen vil utfordra folk til å lesa gjennom retningslinjene nedafor, og skriftleg melda inn kandidatar.

Dersom du alt har kandidatar, så gi alt nå ei skriftleg melding til Bokn kulturkontor, 5561 Bokn. Du kan også melda frå på fax nr. 52 75 25 15, eller e-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Retningslinjer for tildeling av Bokn kommune sin pris for god byggeskikk - sist korrigert i kommunestyret 12.12.2001

FORMÅL

Prisen er en heiderspris for bebyggelse og anlegg som gjennom si utforming og samspel med stad og miljø kan bidra til å heve den allmenne byggeskikk.

KVEN KAN FÅ PRISEN?

Prisen vert gjeven til byggherrar som etter juryen si meining har vist allmenn god byggeskikk ved:

- Å ta omsyn til klima, landskapet og tomte sin spesielle karakter.
- Å harmonisere byggverket med eksisterande bygningar i volum, form og fargebruk.
- Å søkje nye løysingar tilpassa staden, gjerne i nytt formspråk og med nye materialer der behov og funksjonar tilhøyrer notida.
- Å leggje vekt på lokale byggetradisjonar og materialbruk.

- Estetiske, funksjonelle og økonomiske utfordringar og planløysingar.

KVEN ADMINISTRERER?

Forvaltningsstyret peikar ut juryen som på fritt grunnlag gjer vedtak om prisen.

Kulturkontoret administrerer utlysing og prisutdeling. Prisen kan gjevast ut ein gong i året og minst ein gong kvar valperiode. Dersom byggevirkomheten er lav eller juryen ikkje finn verdige kandidater bør juryen vurdere å utsette tildelinga.

JURYEN

Juryen skal bestå av seksjonsleiar for teknisk seksjon, leiar av forvaltningsstyret, seksjonsleiar for kultur, ein vald innbyggjar og ein fagkyndig person. Leiar for forvaltningsstyret leier juryen, og leiar av kulturseksjonen er sekretær. Funksjonstida følgjer den kommunale valperioden.

FRAMLEGG TIL BYGGESKIKK

Kandidater kan framkomme gjennom annonsering med forslag til priskandidatar. Alle kan komme med forslag. Som kandidatar kan juryen vurdere alle typar bygg og anlegg, bustader, institusjonar, næringsbygg og tekniske anlegg. Juryen kan også sjølv finne fram til kandidatar.

Juryen skal befare dei aktuelle bygg/anlegg som er foreslått.

Ved prisutdeling skal det ligge føre ein skriftleg grunngeving for val av prisvinnar.

AVGRENSINGAR

Prisen kan berre heidle byggverk som er ferdig oppført dei siste 5 åra eller eldre byggverk som er rusta opp ved ombygging eller påbygging i same perioden.

Bygningar som er knytte til serskild vernestatus, og som er restaurerte i samsvar med pålegg, kan berre unntaksvis vere kandidatar til prisen.

UTFORMING AV PRISEN

Sjølve prisen er ein plakett som kan plasserast utvendig på byggverket og ein diplom til byggherren. I tillegg skal prisvinnaren få tildelt kr.5000,-. Arkitektar, konsulentar og andre som i vesentleg grad har påverka utføringa skal ha omtale og bli tildelt diplom.

ENDRINGAR I RETNINGSLINENE

Endringar i retningslinjene kan berre gjerast av kommunestyret.

Byggeskikkprisen vil igjen bli utlyst i neste nr. av bygdbladet med frist for å melda inn kandidatar i august.



I dag er har musikkskulen desse aktivitetane:

- GITAR (både akustisk og elektrisk)
- ELEKTRISK BASS
- SLAGVERK (trommesett)
- POP/ROCKEBAND
- KEYBOARD
- PIANO

I tillegg er dirigentane i Bokn Musikkorps musikkskulelærarar.

Her er nokre opplysningar om dei ulike aktivitetane:

GITAR

Eit populært instrument som er lett å ta med seg overalt. Undervisninga dreier seg stort sett om å spela etter **besifring/akkordspeling**. Ved hjelp av talsymbol kan du akkompagnera deg sjølv og andre.

EL.GITAR, -BASS, SLAGVERK, POP/ROCKEBAND

Undervisning i elektriske eller halvakustiske gitarar og slagverk er med tanke på å spela i band. Dei vanlegaste instrumenta i eit slikt band er song (vokal) piano/keyboard, gitar, bass og trommer (slagverk). Undervisninga held på til bandet kan øva på eiga hand.

KEYBOARD

Eit keyboard i musikkverda er ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar. Viss du har, og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har keyboard som blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer å akkompagnera deg sjølv og andre ved hjelp av akkordspeling. Med bruk av rytmar og forskjellige lydar får du, også som nybegynnar, kjensla av å styra eit heilt orkester. Eit keyboard med innebygd opptakar er også eit godt hjelpemiddel til å komponera.

PIANO

Det klassiske pianoet døyr aldri ut sjølv om me har fått aldri så mykje synthesizerar, keyboards med datatilkoplingar til den digitale verda. Undervisninga kan både gå på klassisk pianospeling etter noter og meir akkompagnering/akkordspeling, såkalla brukspiano.

ANDRE AKTIVITETAR

Musikkskulen har inneheldt mykje meir enn dette, og dersom du ikkje finn tilbod her til det **du** er mest interessert i, ta kontakt så får me sjå kva me kan gjera. Målet er sjølvsagt å skapa kultur- skuletilbod som dans, drama, form & farge, foto, data, m.m.

PÅMELDING OG REGISTRERING

Du kan melda deg på ved å senda brev, ringa eller senda ein e-post til kulturkontoret;
52 75 25 08 eller

jhavikbotn@bokn.kommune.no

Påmeldingane blir registrerte i rekkefølge etterkvart som dei kjem inn. Dette blir gjort i tilfelle ventelister. Det lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko (dersom tilbodet blir realisert).

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan om ynskjeleg byrja. Dersom du lurar på om tida er moden for aktivitetsstart for ditt barn, skal me sjølvsagt prøva å hjelpa deg med dette - ta i tilfelle kontakt.

HALVÅRSSATSAR:

Einetime (30 min./veke)	kr. 800,-
Einetime (22,5 min./veke)	kr. 600,-
Instrumentalgr. (90 m./veke)	kr. 620,-
Aspirantopplæring	kr. 480,-
Instrumentleige	kr. 220,-

30% syskenmoderasjon på den rimelegaste aktiviteten.

(Ei gruppe vil seia to eller fleire.)

Spørsmål om musikkskulepåmeldinga – kontakt Jardar på kulturkontoret.

NB! Du som spelar i musikkskulen i dag treng ikkje melda deg på att, men gir beskjed til læraren din om du vil halda fram eller ikkje.



Trond Christiansen, som nå jobbar som muskar på heiltid, har flytta til Bokn igjen og er blitt engasjert som lærarvikar i musikkskulen. 28-åringen har m.a. elevar på gitar og trommer.

Popgruppe: På bildet ser me fv. Øyvind Pedersen (bass), Wolfgang B. Ognøy (trommer), Henrik Nilssen (gitar) og Vilhelm Våge (keyboard) få instruksjon av Trond, som sjølv har vore elev i musikkskulen i fleire år.

Austre Bokn kvinneforening N.M.S er nå lagt ned

Solveig Våga

Me hadde vår siste basar 20. juli 2002 og me kunne senda 13.000 kr. til misjonsselskapet. Men i år blir det diverre ingen basar for N.M.S.

Det Norske misjonsselskap vart stifta i Stavanger i 1842. Det vert fortalt at det var to mann frå Bokn på stiftingsmøtet, ein frå Kro og ein frå Øvrabø.

Og ikkje lenge etter, det var i 1850 så vart Austre Bokn kvinneforening stifta, og den har gått uavbrutt heile tida i 152 år. Kvinnene var ivrige i foreningen sin, særleg når ein tenker på dei frå Ognøy, som først hadde eit stykke å gå til sjøen, så ro over Ognasundet og så gå heilt til bedehuset. Foreninga var annakvar tirsdag klokka 14.00 - i alle fall i seinare tid. Dei nytta jo tida med å handla og den dagen, forståelig nok.

Foreninga vår: Me var no berre 4 stykker att. Marie Våge, Margit Kro, Borgny Kro, Solveig



Foto: Julianne Nilssen

Frå den siste basaren vår.

Frå venstre: Borgny, Solveig, Bjørg for Marie, Marie for Margit, og Edvind som hjelper oss.

Våga.

På Vestre Bokn kom det litt seinare to N.M.S foreningar. Ein på Hognaland og ein i Kyrkjebygd. Den på Hognaland vart nedlagt for nokre år sidan men den andre er i god drift ennå så me får støtta den, og ønska at den får enda mange gode driftsår.


Populært med skatebane

Wolfgang B. Ognøy med skateboardet (rullebrettet).



31. mars tok Kent Viggo Thuestad nokre bilder av elevar i skateleik på skuleplassen i skuletida. Elevane har laga til ulike apparat, og har fått lov til å ha med seg godkjent utstyr med seg på skulen; rullebrett, rulleskøyter, sparkesykkel og hjelm.

Martin Trosnavåg i aksjon med sparke-sykkelen.



Nå har dette blitt så populært at eit prosjekt er påbegynt i "elevens valg", der målet er å laga til ein stor, sikker og robust bane for desse moderne aktivitetane.

Aprilspøk i Bygdabladet

Då me såg at aprilutgåva kom ut første dagen i den mnd. fann me i redaksjonen ut at me ville slå til med ein aprilspøk. Talet 1 med punktum bak blei plassert foran *april 2003* under logoen på framsida av bladet, og forfattaren og humoristen Birger Lindanger lot fantasien gå ut over skulen og det nye skulebygget.

Det var altså også ein aprilspøk at underteikna hadde skrive aprilspøken. Rett nok bytta eg ut ord og omgjorde setningar her og der slik at det ikkje skulle skina gjenom kven som var forfattaren til stykket. Det er ein kunst å skriva noko som så mange bit på, og dei færreste tok spøken før dei kom til Vinmonopolet.

Som med alle aprilspøkar blei folk som gjekk fem-på svært irriterte då dei oppdaga at dei hadde blitt lurte, og synest då naturleg nok at spøken gjekk for langt. Vel, omlag 90% av tilbakemeldingane eg har fått har vore svært positive, og m.a. ein journalist i Haugesunds Avis synst spøken vår var mykje betre enn det dei hadde (Røkke's kjøp av Baroniet i Rosendal).

Dei få som ikkje skratta tenkte heller på kva som reelt kan koma til å skje. Bogn Bygdablad kan i tilfelle ikkje gjera noko med det, men heller bidra til å også spre humor ut til boknarane.

Så får me sjå kva som skjer til neste år...:o)

Takk til Birger for ei lattermild stund!

- redaktøren -

Dåpsskulen

De fleste i 1. klasse ved Bogn Skule har deltatt i dåpsskulen hver onsdag fra kl. 12.30 til 14.00.

Bildet er fra Dåpsskulens avslutning, søndag 29. mars.



På bildet har barna fremføring av påskebudskapet. Merete leste og underveis viste barna forskjellige gjenstander som skulle fremheve innholdet i fortellingen. Konfirmant Emilie Moi Eikje har vært medhjelper.

Takk for det frivillige arbeidet dere som ledere har gjort i disse onsdagene.

forelder

Spennande teaterforestilling!

Jardar Havikbotn

Skromlehjulet figurteater stod for ei flott tolkning av barneboka "Mannen som ønsket seg et eple" i Auditoriet 24. april.


Dyktige Kjersti Iversen tok 28 personar i alle aldre med inn i forfatter Janosch's verd om Walter. Han som eigde eit epletre, men som aldri fekk eple på det.

Skodespelaren, dukkemakaren og dukkeføraren frå Stavanger hadde hjelp av billedkunstnar Kjell Helgland. Han styrte det tekniske og jobbar vanlegvis med scenografien og regien til stykkene dei set opp.

Grepet på publikum fekk dei med ein gong. Det intime auditoriet hjelper aktørane med kommunikasjon. Med fleire folk i salen ville dette blitt endå betre, og stemninga vore annleis. Nå sat folk i egne fengslende tankar og blei nok overraska og usikre når ho på scenen plutselig ville ha publikum til å kjøpe epler.

Det uskyldige epletreet sørga for kveldens skumlaste hending då det forvandla seg til ein drage, og dei aller minste fann det tryggast å krypa opp i eit fang.

Dei tre kvartera gjekk svært fort, tegn på ei engasjerande forestilling utan dødpunkter.



Naboane til Walter på visitt i hagen hans.

Frå barnemunn:

Mikkel, 7 år:

I Afrika tror de på Nilsen Mandela.

Kate, 6 år:

De som tror på Allah er muslinger. I Kina tror jeg de tror på noe annet. Der tror de på drager.

Hanne, 8 år:

Gud trenger ikke tro på noen han. Han kan bare tro på seg selv.

Sommarjobb for ungdom

I formannskapsmøtet 7. mai blei det bevilga kr. 75.000,- til formålet.

Dette er noko mindre enn det har vore før, og kan føra til at dei yngste berre får jobbtillbod i ei veke.

www.bygdabladet.no

8.380 totaltreff den første mnd.!

Ja, du leste rett. Underteikna blei også positivt overraska då eg sjekka statistikken for perioden 6. april til 6. mai.

Nettsida hadde i gjennomsnitt 279 besøkande pr. dag. Tysdag 29. april var den dagen flest personar var inne på sida, heile 866 stk.

Det er heller ikkje berre i Norge folk går inn på www.bygdabladet.no. Medan 30% av dei besøkande i perioden kom frå ukjende besøkssesjonar kom 12% frå internasjonale sesjonar. Me kjenner m.a. til at personar i USA og Spania nyttar seg av å sjå Bygdabladet på internett.

Me er sjølvsagt svært nøgde med at net-utgåva av bladet har blitt så godt mot-tatt. Ei lita meiningsmåling på startssida understreker også dette, der over 83% av dei som har stemt har svart Kjempebra! då eg skreiv dette.

Websida vil stadig bli betre. Besøkande som raskt vil gå til oppdatert kulturkalender, klikkar i toppbanneret til høgje for logoen.

- redaktøren -

Breiband i Bokn

Haugalandrådet jobbar med ei løysing som inneber eit trådløst system for Bokn. Dei har sett ned eit eiga prosjektutval i dette arbeidet.

Rådmann Jan Erik Nygaard seier til Bygdabladet at han har god tru på at rådet kjem i mål med planane.

Dermed kan dei omlag 60 interesserte boknarane frå forrige gong det var snakk om breiband gjennom Telenor sin sentral fatta nytt håp. Som kjent kravde sentralsystemet så mange tilknytta personar at det heile blei uaktuelt.

Systemet blir naturleg nok antennebasert der interesserte då må skaffa seg ein mottakar i huset.

Dette, og meir informasjon om prosjektet vil Bygdabladet koma tilbake til.



Desse blei konfirmerte i Bokn kyrkje søndag 27. april.

Bak. fv. Rebecca Sæbø, Alexander Thuestad, Odd Kenneth Tollaksen, Bjarne Nedrebø, Eirik Veia, Tom Are og Emilie Moi Eikje.

Framme fv. Irene Kro, Lisbeth Jøsang, Veronika Sæbø, Merete Bryningsland, Anita Øvrebø og Veronika Øvrebø.

Bygdabladet gratulerer!

Frå barnemunn:

Mona, 6 år:

Først blir man celle, så blir man barn, så blir man mamma, så blir man bestemor, så blir man oldemor og så blir man tippoldemor. Til slutt blir man gjørme.

Stine, 9 år:

Når man er sånn førti eller femti år, slutter damene å legge egg. Det vil si at de ikke lenger kan produsere folk. Hekkingen begynner sånn i fjortenårsalderen og varer helt til middelalderen.

Martin, 9 år:

Bestemødre har veldig store behåer. De er så store at jeg får hele rumpa og to knær inn i den ene rundingen. I den andre kan broren min sitte.

Regina, 7 år:

I gamle dager brukte de foldeskjørt. Nå er det gått av moten, men presten bruker det fortsatt rundt halsen.

Pål, 7 år:

Noen gamle damer har bart, men det er ingen vits i å si det for de bare reagerer.

Bokn Næringsforum: Har du en forretningsidé eller oppfinnelse?

Kari Christensen

Mandag 2. juni kommer prosjektleder Eli Lilleeng Ertvaag til Bokn for å treffe folk fra våre trakter som har en idé om å etablering av næringsvirksomhet – stor eller liten – eller har starten på en oppfinnelse klar.



Eli (bildet) representerer både for SND (Statens Nærings- og distrikts-utviklingsfond) og SVO (Statens Veilederkontor for oppfinnere).

Hun kan gi råd til oppfinnere i startfasen mens ideen fortsatt er vag og famlende, orientere

personer som har lyst til å etablere en eller annen nærings-virksomhet – stor eller liten, informerer om virkemiddelapparatet, søknader osv.

Altså – mandag 2. juni har du sjansen! Du får egen veiledningstime, tjenesten er gratis og samtalen er konfidensiell!

Ring Eli på tlf. 51 54 51 23 eller send en e-post og avtal tidspunktet for møtet.

Lykke til!

Hilsen Kari Christensen, Bokn Næringsforum

P.S. Tilbudet er til alle – ikke bare medlemmer i Næringsforum! D.S.

Næringsforum uten nytt styre – foreløpig.

Årsmelding og regnskap ble godkjent på årsmøtet til Bokn Næringsforum 28. april, men det ble ikke valgt nytt styre.

Årsmøtet kom frem til at det ikke forelå noe fullstendig forslag til valg av nytt styre.

Årsmøtet vedtok at det blir et ekstraordinært årsmøte mandag 26. mai kl. 19.00 – hvor nytt styre skal velges.

Forøvrig var Eli Lilleeng Ertvaag fra SND/SVO på årsmøtet. Hun fortalte om virkemiddelapparatets rolle – og om hvordan oppfinnere kan få hjelp til å realisere gode ideer. Se forøvrig tilbud til (mulige) nyetablerere og oppfinnere om et orienteringsmøte med Eli på Bokn 2. juni!

Kari Christensen



I år blir det premie til beste klasse i toget!

Ei svær krukke med snop!

(Barnehagen kan også vinna)



17. mai-programmet

Dette vil du finna på dei kommande sidene, og me oppfordrar deg som skal delta på nasjonaldagen i Bokn om å riva arket ut langs den perforerte bretten, og bretta det til A5-format.

Utrivinga vil ikkje gå ut over andre sider i bladet.

Ta med programmet med allsongar, m.m. til dei ulike arr. i kommunen.

Barnekoret (bildet over) og alle dei andre som er med på å gjera dagen til ein fest ynskjer velkommen til feiring!

Revyinnslag om kvelden!

Dei som går på folkefesten om kvelden vil få oppleve nyskriven sketsj, som er ein del av boknarevyen 2003; "Kun til medisinsk bruk".

Heile revyen får du sjå til hausten.

17. mai 2003

I toget/ved sjukestova

NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag, en sommerkveld ved fjord og fossevell, fra eng og mo med furutrær, fra havets bryn med fiskevær og til de hvite skjær, møter du landet i trefarvet drakt, svøpt i et gjenskin av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien rammer stripen på blåkløkker inn mot den rødmalte stuen i veien; Det er flagget som vaier i vind. Ja så hvit som det hvite er sneen, og det røde har kveldsolen fått, og det blå gav sin farve til breen, det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i Studentertulund der sitter han og hun, to unge nyutprungne russ, to ganske nylig tente bluss, i tyve grader pluss.

Hun er som en gryende forsommerdag som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen, og så rødt som det rø` hennes kinn, hennes øyne er blå som fiolen, hun er flagget som vaier i vind. Han har freidig og hvitlugget panne, og en lue i rødt har han fått. Med en lyseblå tiltro til landet Står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

Allsong om kvelden

FEDRELANDSSALMEN

1. Gud signe vårt dyre fedreland, og lat det som hagen bløma! Lat lysa din fred frå fjell til strand, Og vinteren for vårsol røma! Lat folket som brøder saman bu, som kristne det kan seg søma.

2. Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja. Vil gud ikkje verja by og land, kan vaktmann oss ikkje tryggja. Så vakta oss, Gud, så me kan bu i heimen med fred og hyggja!

3. No er det i Norge atter dag med vårsol og song i skogen. Om sædet enn gror på ymist lag, det brydder då etter plogen. Så signe då Gud det gode såd, til groren ein gong er mogen!

Toget etter oppstilling/ved sjukestova

NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem, furet, værbitt over vannet med de tusen hjem, elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor og den saganatt som senker drømme på vår jord, og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.

5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud! Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut. Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har grett, har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett. Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.

6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem, furet værbitt over vannet, med de tusen hjem. Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir, også vi, når det blir krevet for dets fred slå leir. Også vi, når det blir krevet For ::dets fred :: slå leir.

Etter oppstilling/ved sjukestova

KONGESONGEN

Gud signe vår konge god Sign han med kraft og mot Sign hjem og slott! Lys for ham ved din ånd knytt med din sterke hånd hellige troskapsbånd om folk og drott!

Allsong på skulen

MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen fenge sin heim, der han sjølv heve tuftene grave og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender; der var ingen som der hadde bygt. "Lat oss ryddja og byggja oss grender, og så eige me rudningen trygt."

Han såg ut på det bårute havet: der var ruskut å leggja ut på; men der leikade fisk nedi kavet, og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte; Gjev eg var i eit varmare land! Men når vårsol i bakkane blenkte, fekk han hug til sin heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar, når det laver av blomer på strå, og når netter er ljose som dagar, kan han ingen stad venare sjå.



PROGRAM 17. MAI 2003

08.00	Kapproing i Alvestadkroken 17. mai-frukost i Sjøhuset kl. 08.00 – 10.00
09.30	Oppstilling til folketog frå Alvestadkroken
10.30	Gudstjeneste i Bokn Kyrkje
11.15	Folketoget går frå kyrkja, ny veg om barnehagen til Boknatun
11.45	Musikkorpsset spelar ved inngangen til Sjukestova
12.00	På skulen: Velkommen ved ordførar Svein Ove Alvestad Allsong - Mellom bakkar og berg Appell v/ungdomskulen Song v/barnekoret
12.00	Kiosksalet startar
12.30	Matserveringa startar
13.30	Leikar for barn og vaksne
14.30	Fotballkamp: Kommunestyret - Ungdomslag (BIL)
15.00	Trekningar – premieutdeling Avslutning – Allsong: Ja vi elsker.


Bokn Musikkorps	-	korpsmusikken, tombola, pil- og ballkast
BORK	-	barneriding og kiosksalg
Bokn Fiskarlag/Bokn Båtforening	-	kapproing i Alvestadkroken
Bokn Skyttarlag	-	luftgeværskyting i klubbhuset(BIL)
Speidaren	-	karusell
Bokn Idrettslag	-	spikerrampe
Bokn Hagelag	-	pynting
Klassekontaktane	-	leikar for born
Arskroen	-	middagsservering

PROGRAM FOR FOLKEFESTEN 17.MAI 2003

19.30	Folkefest på Bokn skule Velkommen Allsong – Fedrelandssalmen Gitargruppa på skulen Festtale ved Finn Martin Vallernes
	Matøkt med noko attåt
	Revyinnslag
21.30	Avslutning med allsong – Ja vi elsker Inngangspenger: kr. 100,- Barn: kr. 50,-
22.00	Dans med "Me-to". Entré kr. 120,-

VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai komiteen 2003 - Formannskapet



2001

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva kvar gong -

MAI

17. **sjå s. 13 og 14**
22. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
23.- Speidaren - Tur til Våghomen
25. BORK, Familieleir på Sandbekken
25. Gudstjeneste kl. 11.00
29. Frelsesarmeen - Bokn bedehus kl. 19.30

JUNI

01. BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00
01. Normisjon møte Bokn bedehus kl. 19.30
04. Bokn Sanitetsforening. Basar på Bokn Skule
08. Fellesgudstjeneste i Tysvær kyrkje kl. 11.00
15. NLM møte Bokn bedehus kl. 19.30
22. Friluftsgudstenestene i Loden kl. 11.00

23. Speidaren - Jonsokfeiring i Ognahaben

24.-

28. **Datatreff, arr. BCG**

29. Bruamarsj arr. Bokn idrettlag

JULI

12. Marknadsdag i Alvestadkroken
12. Utedans arr. Bokn idrettlag/Bokn musikkorps

AUGUST

1. - 6. Speidaren på kanotur
9. "Ta sjansen" arr. Bokn Båtforening
17. BORK, Distanseritt på Ognøy
30. Dans på skulen - arr. Bokn Røde Kors

DESEMBER

07. **Jul i Stallen på Håland**

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn musikkorps Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	15.30 - 16.30 16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Oddrun Nilssen Gunnar Bokneberg Dagny Kjellesvik
Tys	Aerobic	21.00 - 22.30	June Kro
Ons	Fotball 8-9 år	17.00 - 18.00	Artur Trosnavåg
Tor	Barnetrim Bokn Musikkorps Volleyball, vaksne	16.00 - 16.45 17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Torny Rossebø Lillian Grønnestad Atle Jøsang
Fre	Volleyball, ungdom Fotball	16.30 - 18.00 19.00 - 20.30	Tove Hognaland Gunnar Solberg

Heimekampar, alderstbestemte lag

Fotball, 8-9 år

- 28.05 Bokn - Åkra kl. 18.00
11.06 Bokn - Vard kl. 18.00


Fotball, 11-12 år

- 21.05 Bokn - Åkra kl. 18.30
04.06 Bokn - Kopervik kl. 18.00
18.06 Bokn - Kolnes kl. 18.00

Fotball, 13-14 år

- 19.05 Bokn - Vikebygd kl. 19.00
02.06 Bokn - Nedstrand kl. 19.00

Bygdabladet ynskjer
lukke til!



Me gratulerer!

Bygdabladet presenterer små
og store jubilarar.

Send inn papirbilde eller digi-
talt bilde på e-post saman
med ein liten tekst til

gratulerer
@bygdabladet.no

Dei hjerteligste
gratulasjonar til
**Annlaug og Kjartan
Jensen**, som bur på
Joa, begge har
bursdag 4.mai, same
dag kan dei feire 1 års
bryllupsdag.

Gratulasjonar går og til
sonen **Per Henrik** som
har 2 års dag 6. mai.



**Helsing familien på
Bokn**



Ingrid Hetland på
Laupland fylte 4 år 24.
april.

Gratulerer med dagen!

Hilsen
mamma, pappa,
Christina, HaraldKr.,
Thomas, Karen og
Gabriel



Bokn bedehus - årsmelding 2002

Bedehuset har vore godt nytta i 2002. Styret har hatt 5 møter og 1 kombinert med kontaktmann.

Aktivitetane i 2002 har vore:

- 18 gonger søndagsskule
- 5 Basarar
- 1 Bedehusets dag
- 7 N.M.S møter og ein fest
- 3 kulturkveldar
- 4 A.B.R møter
- 8 Soknerådsmøter medrekna årsmøte
- 3 Frelsesarmemøter
- 2 Juletreffstar (sundagsskulen og frelsesarmeen)
- 5 Normisjonsmøter
- 5 Indre sjømannsmisjon
- 1 N.L.M
- 1 Muhammedanermisjon
- 2 Israelmisjon
- 2 Gideonmøte
- 3 Speidarane
- 2 Utleige til private
- 1 Årsmøte

Bokn Songlag har hatt øvinga si på bedehuset, men nå har diverre songlaget slutta. Dei har gleda med songen sin og særskild Kjell Kro si sangrøyst er sakna

på bedehuset etter at han og Margit flytta til Stavanger.

Det har ikkje vore noko oppussing i år forutan nytt kjøleskap og me har bona alle golva.

Bedehusets dag 25. august var ein fin solskinnsdag for grilling og leikar for borna. Per A. Nordbø og kona var der og han hadde tale og andakt.

Det har vore 3 kulturkveldar, den fyrste om Prøysen kor sokneprest Arne Aurdal var med og las frå Prøysen si dikting. Da Capo leia allsongen. Kulturkvelden om Blix haldt Sigvart Våga eit interessant foredrag om Blix sitt liv og me song salmer av den store salmediktaren. Siri O. Johansen var også her med si vakre songrøyst med tonar til Hamsun sine dikt. På kulturkveldane er det alltid god servering med mellom anna rømmegraut. Frammøtet har også vore godt.

Som ein kan sjå ovanfor har det vore mange gode møter om Guds ord. Takk til alle som støtter opp både med å koma på møta og andre ting.

Helsar med Johs. 6.37:

Den som kommer til meg vil jeg ingenlunde støte bort

Bokn sokneråd - årsmelding 2002

Soknerådet har hatt denne samansettinga i året som har gått:

Leiar	Solveig Våga
Nestleiar	Sigvart Våga
Styremedlem	Eva Moi
Styremedlem	May Jorunn Vatnaland
Styremedlem	Bjørn Eirik Gundersen
Styremedlem	Bernhard Våge
Geistleg repr.	Arne Aurdal
Komm. repr.	Arne Hosaas

1. vararepr.	Birger Lindanger
2. vararepr.	Egil Ognøy
3. vararepr.	Lillian Grønnestad
4. vararepr.	Ingrid Jøsang

Sekretær	Svanhild Alvestad
----------	-------------------

Tilsette:	
Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad 50%
Kyrkjetenar	Odd Grønnestad 25%
Organist	Karina Lervik 20%
Klokkar	Svanhild Alvestad 10%

Året har vore eit vanleg arbeidsår, det fyrste for dette rådet. Rådet har hatt 9 møter og handsama 30

soknerådssaker og 8 fellesrådssaker. Rådet har hatt eit møte samn med formannskapet.

Aktiviteten

Gudstenestene i kyrkja og møta på bedehuset er framleis det bærande i den kristne aktiviteten i bygda. Dette saman med arbeidet i sundagsskule, barnekoret og speidararbeidet gjer at det tross alt er eit ganske variert kristent arbeid hos oss.

Alpha-kurs starta på nytt hausten 2002. Det er berre 11 deltakarar på dette kurset som har flytta møta sine til Bedehuset og fått inn eksterne forelesarar. Soknerådet håpar at det kan kome i gang ennå fleire av desse gruppene.

Sundagsskulen er nå samla for heile kommunen og held til på Bedehuset. Oppmøtet varierer ein del og det er 15-20 medlemmer.

I speidartroppen er det rundt 50 medlemmer frå 8-16 år. Utanom dette kjem ein del roverar/rangerar, leiarar og vaksne medlemmer. Etter landsleiren såg det ut som om det ville bli leiarkrise i speidaren, men etter foreldremøte og litt påpush var det fleire foreldre som stilte opp. Tusen takk til dei som er villige til å bruke fritida si til dette viktige arbeidet.

Medlemstalet i barnekoret har dette året vore bra. Hanne Krogh sin konsert såg ut til å gi inspirasjon. Å ta på eit like stort arrangement dette året fann ein ut var for mykje, så ein satsa heller på ein julekonsert med lokale krefter. Kyrkja var full, og inntektene frå konserten vart vedteke skulle gå til nytt lydanlegg i kyrkja. Vi skuldar ein stor takk til dei som var med, både i opptreden og bak kulissene.

Dåpsskulen, som det vart gjort vedtak om skulle starta i 2001, vart også dette året gjennomført. Dette er eit tilbud til dei som går i fyrste klasse om å samlast 6 gonger for å lære meir om Jesus. Det vart avslutning i kyrkja med deltaking på ei gudsteneste. Det var god deltaking blant borna.

Elles har soknerådet stått ansvarleg for:

- Utdeling av bibel til 5. klasse 3. februar
- Grundvikkveld i kyrkja 10. februar
- Årsmøtet 1. mars
- Fasteaksjonen saman med konfirmantane 18. mars
- Konfirmantfest 21.04
- Kyrkjekaffi i kyrkja etter gudstenesta 19.05 og 17.11
- Utdeling av barnebibel til 4-åringane 17.11
- Dessutan er soknerådet medarrangør av Alpha-kurset saman med styret i Bokn Bedehus.

Utvala

Begge utvala vart velde av det nye rådet, og dei har gjort ein flott jobb.

Diakoniutvalet har ansvaret for besøk på sjukeheimen, og dette er eit tiltak som vert sett pris på. Oppmøtet er så bra som ein kan forventa. Utdeling av blom til alle over 80 år rundt påsketider har og funne stad dette året.

Dåpsopplæringsutvalet held trufast i gang dei tilaka som står i dåpsopplæringsplanen. Utdeling av dåpshelsingar går sin gang, og likeeins samlingane av foredra til eitt og treåringane. Oppmøtet varierer noko, men det verkar som om tiltaket vert sett pris på. Dåpsopplæringsutvalet er trufaste til å møte på annakvar korøving til barnekoret. Då serverer dei saft og eit eller anna til å bite i, og samlar borna for å lese for dei.

Kurs/konferansar

Budsjettet gir ikkje rom for dei store utskjeiningane når det gjeld kurs. Det kjem mange tilbod som kan verka freistande, men ofte er det dyre kurs og ikkje minst dyre reiser. Likevel er det uhyre viktig for oss "små" å treffe andre i same situasjon og knyte kontaktar.

Kyrkjevevja har vore på prostisamling i Aksdal, arkiveringskurs i Stavanger og økonomikonferanse saman med økonomisjefen i kommunen, dette og i Stavanger. I september var ho på medarbeiderdag i Stavanger. Dessutan har ho vore med på diverse møter saman med andre kyrkjevevjer i fylket, spesielt på Haugalandet.

Soknerådet var godt representert på kurs arrangert av bispedømmekontoret og kurs over 2 kveldar for fellesråda på Haugalandet i Aksdal i mars. Uttale til kyrkje/stat utvalet si høyring har vore ei av dei store sakene soknerådet har handsama. I samband med dette har rådet og tilsette vore på fleire samlingar, både i nord og sør.

Årsstatistikken

Den statistikken som ein her viser til er den offisielle for Den norske kyrkja. Statistikken viser at det i 2002 har vore 30 gudstenester. Av desse er 13 familiegudstenester og 2 skulegudstenester. Reknar ein gjennomsnittsfarmmøte på alle desse gudstene- nestene blir det 78 familiegudstenester og "noko ekstra" er med å dra opp gjennomsnittstalet. Ellers var det 9 konfirmantar, 10 dåp, 2 ekteskapsinngåing og 6 gravferder.

Innsamla offer i kyrkja var på kr 72.715,- + "Brød for verda" kr 13.650,-, tilsaman kr 86.367,-

Dei tilsette

I året som er gått har kyrkjevevja fullført utdanninga si. Frå 01.08 vart kyrkjevevjestillinga endra til 50 % og klokkestilling til 10 %. Dei andre stillingane har det ikkje vore endring på.

Avslutning

Heilt til slutt vil soknerådet retta ein stor takk til både dei frivillige som tek på seg arbeid med å stå for dei einskilte arrangementa, enten det nå gjeld barne/ungdomsarbeidet eller arbeidet blant vaksne. Likeeins vil ein takke dei tilsette for trufast teneste og godt samarbeid.

Papirskifte i Bygdabladet

Dette bladet blir det siste med denne type papir.

Frå og med juniutgåva vil Bokn Bygdablad bli trykka i såkalla G-print. Til samanlikning blir bladet Kyrkje- tonar også trykka på denne måten.

BBB vil fortsatt ha stivare papir på omslaget, i fargar.

Det er innsparingstiltak i kommunen som ligg bak dette.

- redaktøren -



Nytt frå idrettslaget

Reidar Alvestad

Fotball

Bokn idrettslag var lørdag den 26.april på cup i Vike-bygd med 4 lag. Som vanleg i slike samlingar, fekk dei fleste laga oppleve både seier og tap, med tap og vinn med same sinn.

Inntrykket etter turen var at dette var ein kjekk dag for dei som var med. Det var også eit lyspunkt at så mange foreldre stilte opp.

Kårstø-cup

I første del av juni blir det to lag som skal vera med på Kårstø-cup.

Trial

Idrettslaget minner om at trialen nå er på mandagar.

Aldersgruppe 6–12 år: kl. 17.30–18.30

Aldersgruppe 12–17 år: kl. 18.30–19.30

Turar:

Har du lyst til å vera med å gå tur?

Idrettslaget arrangerer turar kvar onsdag **kl. 19.30**.

Du kan gå i det tempoet som passar deg best.

Turlista vår frå 23.april fram til og med 4.juni ser slik ut:

Dato:	Turområde	Møtestad
Onsd. 23.04	Varafjellet A.Bokn	Bedehuset
Onsd. 30.04	Boknafjellet	Vaulen
Onsd. 07.05	Naturstien	v/kyrkja
Onsd. 14.05	Borgenvik	v/T. Tollaksen
Onsd. 21.05	Loten	Rundkj. i Loten
Onsd. 04.06	Sandvika	Knarholmen busstopp

(Marie Vågshaug, Marit Øvrebø, Rita Jensen)

Idrettslaget i samarbeid med kommunen er i gong med å finna aktuelle stader i kommunen som kan brukast til turar. Her ynskjer ein å laga eit registreringssystem der ein har informasjon og spørsmål frå kommunen.

Dette er i startfasen, og det vil koma meir informasjon når opplegget er ferdig til bruk.

Klubbhuset snart klart til bruk

Ein god del av arbeidet med å gjera Bokn idrettslag sitt klubbhus ferdig til bruk er nå i boks. Nestleiar Cliff Olaussen i idrettslaget seier til Bygdabladet at dei reknar med å vera ferdige med det meste i hovudetasje i slutten av mai. Det manglar nå ein del listverk, litt golvbelegg og noko maling og lakking av vinduer. Det er også litt elektrisk- og rørleggararbeid som skal gjerast nå i mai.

Dugnad

Ein god del arbeid er gjort på dugnad, men dessverre har ikkje oppslutninga om dugnadsarbeidet vore så god som ein kunne ynskja. Derfor har det vore mykje dei same som har gått igjen. Likevel går det nå mot slutten av ferdigstillinga av hovudetasje.

Når det gjeld kjellaretasje, reknar Cliff Olaussen med at denne skal bli ferdig i løpet av hausten i år. Også mykje av dette skal gjerast på dugnad. Det skal også utarbeidast på tomte rundt huset. I tillegg må huset malast. Då Bygdabladet var på visitt 1. mai,

var det Cliff Olaussen, Rita Jensen, May Jorunn Vatnaland og Per Helge Sunde som brukte ettermiddagen til dugnadsarbeid.



Dette er frå forsamlingslokalet som er det største rommet i klubbhuset. Det er på 82,5 kvadratmeter. Belegget er lagt på golvet, og veggene er ferdige. På bildet ser me tfrå venstre Cliff Olaussen og Per Helge Sunde som er i ferd med å setja saman skap som skal inn i kjøkkenet.

Mange rom

Første etasje inneheld stort forsamlingslokale, gang, kjøkken, dommgarderobe/handikaptoalett, 2 toalett, bod/vaskerom og stort kontor. I kjellaretasjen skal det bli helsestudio, materialrom, herre- og damegarderobar med dusjar og kott.



Rita Jensen lakkar vinduet i kjøkkenet. Sjølv kjøkkeninnreiinga er ikkje på plass, men det står inne i forsamlingsrommet, og to dugnadskarar held på å gjera det klart til montering.

Økonomi

Klubbhuset ser flott ut, og vil sikkert dekkja mange behov. Skal ein imidlertid greia det økonomiske i åra som kjem, må det sikkert ennå større stå-på-vilje og dugnadsånd inn blant dei mange familiane som vil ha både barn og vaksne med på aktivitetane.

Filippinsk kveld på bedehuset

Kari Hetland

Et stort filippinsk flagg møtte 80 festglade personer utenfor Bokn Bedehus 4. april.

Da jeg fikk se alle de frammøtte tenkte jeg på lærer Josie på Søppelfjellet i Manilla. Jeg lovte henne at jeg skulle se hva jeg kunne gjøre når jeg kom hjem til Norge igjen for å støtte hennes lærergjerning i disse ugjestmilde forholdene hun arbeider under.

Leiv Våga åpnet kvelden med å fortelle om bibelgruppen vi gikk i og hvordan praten en kald vinterkveld kom inn på misjon og vårt ansvar til å hjelpe "en av Jesus sine minste små - de fattige"

Etter dette tok Arne Aurdal ordet og kunne introdusere en "nervøs pilot", som skulle ta dem med på en reise i Filippinene.

Innledningsvis sa jeg at misjon er utfordrende for vanene våre - vi kan umulig bli likegyldige når vi er der.

Filmen var fra turen til Filippinene i oktober 2002 - der Anne Marie Honningdal inviterte meg med. Reisen startet på Søppelfjellet i Manilla, om arbeidet som foregikk der. Om 1. klassen til lærer Josie. Videre nord for Manilla til havnebyen



Sang av Christina Bjordal.

Olongapo og "Ungdom i Oppdrag" sin base der.

Så opp nord i fjellene til de fattige innfødte Eata-folket. Kommentarer ble gitt underveis av Anne Marie Honningdal og meg. Etterpå var det sang av Christina Bjordal : Å, store Gud - (Amazing Grace)

Så var det tid til et avbrekk i programmet og matøkt nede. Herlig matduft møtte oss i trappen - her var den asiatiske maten i rute! Retten



Anne Marie forteller entusiastisk om sitt arbeid på Filippinene.

"Pancit", vårruller og kokt ris ble servert, laget av filippinske elever ved Breidablikk skole i Hauge. Praten gikk livlig og folk koste seg. Det er skikkelig kjekt at vi kan ha det slik på Bedehuset.

Etterpå var det salg av kjoler til inntekt til Eata-folket. Et pastor-par på Filippinene hjelper disse folkene, og de kr. 4000,- som kom inn på dette salget skal i sin helhet sendes direkte til disse.

Da programmet fortsatte var det igjen sang av Christina og intervju av Anne Marie og hennes rolle i dette arbeidet gjennom de siste 13 årene.


Det ble samlet penger til dekning av mat og støtte av arbeidet til 1.klassen på Søppelfjellet som lærer Josie driver. En privatperson ville dekke maten. Innsamlede penger skulle gå til skolen.

Beløpet ble kr 7.800,- Dette blir satt inn på en nyopprettet hjelpekonto i SR-Bank1 Bokn.

Dette vil utgjøre en stor forskjell for skolen. Nå er muligheten der for utvidelse av klasserommet og også flere elever og lærerassistenter til Josie.

Takk til deg som har bidratt på forskjellig vis til at fattige gis en mulighet til å komme seg ut av søppelhaugen (gjennom utdanning).

Fordi: du gav av deg selv for din neste.



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

SMÅBARNSTREFF
KVAR TORSDAG
FRÅ KL. 10.00 -12.00



TID FOR HAGE:

PÅ BIBLIOTEKET FINN DU
IDÉAR TIL HAGEN DIN!

BOKTIPS:

Carter, George:
Urter i hagen

Dening, Yvonne:
Din hage

Greenwood, Pippa:
Hageeierens oppslagsbok

Høger-Orthner, Ilse:
Gammeldags roser, roser i historien

Månsson, Lena:
Sommerblomstene våre


Petersen, Helge.
Drivhuset

Stadelmann, Peter.
Hagedammer; bygging og beplantning



Har du en hage og et
bibliotek, da mangler
du intet.

Markus Tullius Cicero



VELKOMMEN
TIL
Å BRUKA
INTERNETT!

OPNINGSTIDER:


TIRSDAG 09.00 – 13.30

ONSDAG 16.00 – 19.00

TORSDAG 09.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no



Forfatter Kolbjørn Hauge, som var på opninga av biblioteket 19. februar, takkar for sist med å gi ei historie til Bygdabladet.

Me i Bygdabladet er stolte over å presentera denne forteljinga:

Til Sausokn med "GYDA"

Sauen er eit gildt husdyr, visstnok eit av dei få husdyra i verda som ikkje har religiøse tabu knytt til seg. Sauekjøt kan alle menneske eta, same kva gud eller kor mange gudar dei trur på.

Det er ikkje berre Høg-Jæren som har fostra sauebønder i fylket vårt. Inne på Ryfylkeøyane var sauen eit populært husdyr i min barndom, og er så den dag i dag. Saueflokkane er sjølv sagt ikkje så store her, og beiteområda absolutt mindre. Dette kompenserte øybuane med å senda dyra til heis om sommaren, oftast til Sauda. Eller til Sausokn, som far min sa.

Bestefar min segla til fjords med dyra. No for tida blir smalen frakta i store toetasjes lastebilar. Men i min barndom var det frakte- og fiskeskøyter som gjorde den jobben. Med rommet og dekket fullt av brækande dyr la dei i veg innover fjorden. Ein lang dag og ei lang natt låg framfor både folk og dyr.

Men sauefraktinga innover fjorden hadde eit dobbelt føremål. Dette var før-elektrisk tid, MRE var endå ikkje kommen i gang med å senda straum og dryge straumrekningar innover til fastbuande og feriegjester. Bøndene trong rett og slett ved, både til brenne for seg sjølv og til å selja. Og dei hadde nok lagt merke til at sauene var svært glade i nye skot av dei fleste treslag, det er ikkje berre geita som kan øydeleggja småskogen. Når sauene beitte heile året i same terrenget, var det rett og slett vanskeleg for lauvskogen å veksa opp.

Det var Martin og Kornelius Holle på Eidssund som stod for fraktinga frå Kyrkjøy. Båten deira bar det stolte namnet "GYDA", oppkalla etter den kaute dottera til Eirik Hordalandskonge. Ho som freista den unge Harald Hårfagre så sterkt at han var nøydd til å samla heile Noreg til eitt rike før han fekk koma i seng med henne og avla sønene Hårek, Sigtrygg, Frode og Torgils, og dottera Ålov Årbot. Litt av eit kvinnfolk, spør du meg!

Me kalla alltid "GYDA" for Håle-jektå, og det var

kanskje eit meir passande namn på skuta enn det namnet Noregs første dronning bar. Om Håle-jektå likna på den originale Gyda, veit eg lite om. Men saue-båten til Holle-karane var i alle fall dryg både framme og bak, og med ein motor som så vidt fekk det til å smila for baugen når han fekk full gass. Men ein ting hadde Håle-jektå felles med namnemora - når først kursen var utstaka og målet sett, då tok ho tida til hjelp og let seg ikkje stansa før ho var i hamn. Min honnør til "GYDA", både til dronninga og til jektå!

Det var mest som ein festdag, den dagen me lasta dyra ombord på "GYDA" og la til fjords. Sauene skein nyklypte og signerte med eigaren sitt bumerke i oljemaling på bakparten, slik at dei var lettare å kjenna igjen når dei skulle sankast og skiljast utpå hausten ein gong. Han far tok alltid med seg dei fire-fem sauene til Torger og Anna Marvik i drifta vår. Torger var ein gammal mann med gikt i ledane, og ville hatt store vanskar med å gå til heis sjølv. Anna - kona hans - er gjort udøyeleg. Ho var den opphavlege "Anna af Sand", som fekk ei kjend og kjær skute oppkalla etter seg.

Ja, så la me i veg, då, med sauer i rommet og sauer på dekk. "GYDA" dunka seg innover med kurs for Foldøynå, sauene bræka i eitt, og karane samlast i kahytta og utveksla minneverdige historier frå ungdoms lek og manndoms slit. Då me var komne til Sand, var sauelorten grodd så høg overalt at me måtte innom eit sagbruk og få noko å strø med, elles

hadde vel ikkje helsestyresmaktene sleppt oss i land når me kom fram til fjordbotnen. Brækinga steig endå eit hakk då me dreiv drifta opp gjennom Sauda-byen, mens ungane til industriarbeidarane stod på sidelinja og fekk praktisk undervisning i norsk landbruk.

Oppover mot Hæreimsdalen blei det så som så med kondisjonen både hos øybuane og sauene deira. Hadde me ikkje hatt god hjelp av fjellvane Øystein Rød, hadde me knapt nok komme fram. Han hadde kondisjon som ein elg, og han kunne gøy så livaktig og kraftig at ingen hund greidde gjera han det etter. Men den eine av søyene til Torger Marvik sleit så tungt opp siste bakken at han Lars Norheim nærast måtte dytta henne det siste stykket. "No må du gå, gamle Anna!" sa han og flirte til oss.

Ja, så var endeleg flokken på plass, og me slo oss ned og fann fram nista vår. Han far og dei andre bøndene betalte Rød-karane beiteleiga for året før, og så gav me oss på heimveg med ei bræking i øyro som ikkje ville gi seg, sjølv om sauene var aldri så langt borte. Ved kaien låg "GYDA" og venta, reinspyla for kvar nedtrødd saueperle som måtte ha klistra seg fast. Snart tøffa ho ut fjorden i den lyse førsommarnatta, mens både store og små driftekarar prøvde å få seg litt svevn framme i lugaren.

Ei heil veke etterpå kunne eg vakna om natta og lura på korfor salen heime var så full av brækande sauer at eg ikkje fekk sova i fred.

Vår med mår i Bokn

Jardar Havikbotn

Nye observasjonar av mår ulike stader i kommunen tyder på at bestanden er på veg opp.

Eva og Sigurd Johnny Svendsen sat med frokost-bordet for ei tid tilbake då dei såg måren traska over plenen. Ein av mange observasjonar ekteparet har gjort av mårdyret på Hodl det siste året. Sigurd Johnny fortel til Bygdabladet at folket på Vågshaug også har sett dyret. Sjølv har han også kome ut for ekskrement frå mår.



- Han er ein skikkeleg rampegutt som klatrar lynraskt, hoppar frå tre til tre som et ekorn og plyndrar reira til småfuglane.

Sigurd Johnny samanliknar den motoriske jegeren med ein stor katt med svær hale.

Han har ikkje høyrte om andre observasjonar i Bokn av det slanke, spenstig og elegante dyret.

Det viser seg at tidlegare medlem i Viltnemnda, Vidar Grønnestad, såg sorten på Dagsland for to år sidan. Han fortel også om spor etter fyren både i Borgenvik og på Hognaland. Fleire eksemplar av lystmordaren, som Vidar kallar dyret, blei også funne overkjørt på Vatnaland i vinter. Bygdabladet kjenner også til rykter om mulege mårobservasjonar nord på Austre Bokn.

Trussel for orrfuglbestanden?

Teknisk sjef Hans Faye, som sjølv observerte mår under hjortetelling på Grønnestad 24. mars i år, spør seg om den tydelege auka av mår saman med rev er ei av årsakene til at orrfuglbestanden har gått sterkt tilbake dei siste åra. Samstundes har rovfuglbestanden tatt seg opp i same periode.

Hans seier at Viltnemnda ikkje har tatt stilling til enno om noko skal gjerast for å ev. halda måren i sjakk. Han kan også opplysa om at jaktperioden på mår er 01.11 - 15.03, og då kan kven som helst skyta dyret.

Vidar har stor tru på at særleg hønsehauk har stor innverknad på reduksjonen av orrfugl, meir enn mår og rev. Han er også inne på at lyngen (les maten) forsvinn meir og meir.

- Sett fyr så ordna det seg, smiler Vidar.

Måren er brun med ein stor gulkvit flekk på strupa og brystet. Kroppslengda er 40-55 cm og halen er 20-28 cm. Beina er korte og halen er bustete.

Måren finst over det meste av landet. Den held som regel til i tett barskog. Måren har få fiendar, og held den seg inne i den tette skogen er den nokså trygg. Måren har ofte bustaden sin i eit innholt tre, eit tomt ekornreir eller liknande. Dei kan også bu på bakken i ei jordhole.

Han lever av fugl, hare, ekorn, mus, m.m.


Mårhoa før 2-4 ungar i april-mai. Ungane er saman med mora heile sommaren og forlèt ho ikkje før om hausten. Da er dei like flinke jegarar som mora.

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00

COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler baring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av røyr og kummer.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 - Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**

Reiseforsikring

Reiseforsikring tilbys av SpareBank 1 Skadeforsikring AS, som er et heleid datterselskap av SpareBank 1 Gruppen AS

Europa eller hele verden

Ønsker du å være forsikret når du er ute og reiser, tilbyr SpareBank 1 Skadeforsikring både **Toppforsikring** og **Ordinær forsikring**. For begge alternativene kan det velges om forsikringen skal gjelde familie eller enslig, og om den skal gjelde i hele verden eller bare i Europa.

Toppforsikringen gir deg ekstra god dekning dersom uhellet er ute. De viktigste fordelene nevnes her, men din kunderådgiver kan fortelle deg mer detaljert om hva som er best i ditt tilfelle. I tillegg til alt som nevnes under ordinær forsikring inkluderer blant annet Toppforsikringen:

- Alle typer reiser med vanlige befordringsmidler.
- Gjelder året rundt, og stiller ingen krav til overnatting eller flyreise.
- Ulykkesforsikringen gjelder hele døgnet – også utenom reiser.
- Kun egenandel ved behandlingsutgifter etter ulykkeskader.
- Maksimal erstatning er utvidet i forhold til ordinær.

Ordinær forsikring inkluderer de mest nødvendige kostnadene ved et eventuelt uhell. Det vil si at du får en rimeligere forsikring, men uten de mange fordelene som inngår i toppforsikringen. Blant annet inkluderes:

- Reiser av inntil 45 dagers varighet.
- Mulighet for å utvide forsikringen til å gjelde på reiser av 90 og 180 dagers varighet.
- Reiseulykke, reiseavbrudd, hjemtransport, reisegods, forsinkelse, reisesyke og reiseansvar.
- Avbestillingsforsikring.
- Alle typer reiser med minst en overnatting er dekket. Det er ikke krav til overnatting hvis reisen foregår med fly.
- Forsikringstaker må være medlem av norsk folketrygd og ha bostedsadresse i Norden registrert i folkeregisteret.



Fordeler som helkunde

Som helkunde i SpareBank 1 Skadeforsikring får du 10 % rabatt på skadeforsikringene dine, tidsgaranti ved skadeoppgjør og en rekke fordeler gjennom Falken. Vi gir deg dessuten fritak for egenandel (inntil kr 3.000,-) ved skade etter fire skadefrie år. Snakk med din rådgiver om hvordan du kan bli helkunde.

Reiseforsikring tilbys kunder som kjøper Bil-, Hus- og/eller Hjemforsikring i SpareBank 1 Skadeforsikring.

Alltid tilgjengelig – verden over!

SpareBank 1 Skadeforsikring kan du nå til alle tider på døgnet. Står du i en vanskelig situasjon vil du få hjelp og svar akkurat når du trenger det

– vi holder åpent 24 timer i døgnet.

Melde skade i Norge?

Ring telefon 02300.

Melde skade i utlandet?

Ring SOS International på telefon +45 70 10 50 50.

For fullstendige vilkår – kontakt din kunderådgiver i SpareBank 1.

Kjøp forsikring av noen som kjenner deg!

SpareBank 1
Reiseforsikring

Eggkoking og gymkana på Ognøy

Kari Hetland

Nydelig vær på Ognøy 2. påskedag gjorde sitt til at BORK's årlige påskearrangement nok en gang ble en suksess.



Bokn Ride og Kjørekлубb (BORK) samler både barn og unge.

Det var igjen eggkoking og gymkana (øvelser, konkurranser til hest) hos Eva Moi og Erik Eikje. Den svarte jerngryta stod og kokte med egg og grillen var tent. Små og store, både tobeinte og firbeinte koste seg i den flotte vårsola. Det var mange som hadde funnet veien til Ognøy denne siste dagen i påsken.

Gymkana-øvelsene var inndelt i 2, med 13 deltagere på hvert lag. Her var både mødre, fedre, små og store barn representert. En ivrig heiagjeng sørget for supporterropene. Som kjent er det viktig at konkurranseutøverne får denne form for støtte. Etterpå var det premieutdeling til stor stas for de små som fikk sjokolade. Alle fikk premier og ingen sure miner var å se.

En riktig flott dag på Ognøy. Takk til alle som står bak dette arrangementet, som vi er så heldige å ha i nærmiljøet vårt.

Haugaland Industri- og Næringsforeing:

Informasjonsmøte om SkatteFunn-ordningen 26. mai på Rogaland Ressussenter på Avaldsnes

Ordningen, som gjelder alle bedrifter uansett størrelse, ble lansert 1. oktober 2002.

SkatteFUNN-ordningen brukes til fradrag på skatten for bedrifter som gjennomfører tiltak uten ekstern støtte.

SkatteFUNN er innrettet mot de mange små og mellomstore bedriftene i Norge.

Påmelding til post@hif.no, telefon 52856200, eller telefax 52856201 innen fredag 23. mai.

Er sumaren komen til Bokn?

May Jorunn Vatnaland

Er sumaren komen til Bokn? Badesesongen er i alle fall begynt.

Søndag 13. april var ein flott vårdag, men få tenkte vel på å finna fram bikinien eller badedrakten av den grunn. Det gjorde derimot tre freske jenter på Bokn. Gradestokken viste 10,6 i lufta, rett nok var det høgare temperatur i solveggen. Badetemperaturen var 7,7 i vatnet. Det høyrdest ikkje reint varmt ut då dei plaska uti. Hyla kunne sikkert høyrast ut til Are ifrå Vatnalandsvatnet.



Fv. Guro Nygaard, Hanne Marte Vatnaland og Janne Elin Vatnaland etter badinga.

Kvifor utsetja seg for slik sjølvpinging? Målet var å slå fjorårsrekorden som var 1. mai. Neste år blir det vel 1. april ..?

Fotografen kom litt seint og då hadde to kledd på seg, men dei har vitne på at dei bada. Det går tydeleg fram på bildet kor kalde dei vart etter dukker-ten.

Dette er nok eit sikkert teikn på at me går ein lang badesesong i møte. Sikkert ein fin sumar óg får me håpa.

Ny leilighet til leie på Alvestad

85-90 m2. Vedovn + oppvaskmaskin.

Parkett i stue og kjøkken. Flisbelagt bad og vindfang.

To soverom + garasje. Panoramautsikt.

Kr. 3.200,- + strøm

Kontakt Knut Helge Furseth

Tlf. 52 74 86 45 - 91 53 91 16

Frå barnemunn:

Kjartan, 5 år:

Gamle jomfruer vet ikke helt hvordan menn skal brukes.

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

Kulturprisen 2003

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2003.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001

Stikkord for desse personane har vore *bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, ildsjeler og musikk.*

Nå har **du** sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Frist: 1. juli

Guttesykkel til salgs

DBS Kilimanjaro

Rød - 43 cm - 21 gir

Fint brukt av 1 eigar

Kr. 600,-

Kontakt Jørgen, 41 20 80 81

Arskroen kafé & selskapslokale


Vi leverer smørbrød/kaker til enhver anledning.

Selskaps- og møtelokaler til leie, med eller uten servering, med eller uten bar.

Ta kontakt for tilbud.

*Søndagsmiddag
hver søndag.*

*Har du spørsmål,
kontakt Are 52 74 86 88*



TEKNISK INFORMERER



Radonundersøkelse i Bokn

Vinteren 2000-2001 ble det gjennomført undersøkelse av radon i inneluft.

12% av kommunens husstander deltok i kartleggingen.

Det ble funnet at 3% av disse har en radonkonsentrasjon som er høyere enn anbefalt taksnivå på 200Bq/m³ luft. Gjennomsnittlig årsmiddelverdi av radonkonsentrasjonen er beregnet til 54 Bq/m³ som ligger under landsgjennomsnittet på 90 Bq/m³ Bokn kommune anslås å ha et minimalt radon-problem.

Radon er et radioaktivt som dannes naturlig ved desintegrasjon av radium.

Radon frigjøres lett til jordluften og ved uttett-heter i boligkonstruksjonen mot bakken kan gassen oppkonstrueres i inneluften.

Opphold over flere år i innemiljøer med høye radonkonsentrasjoner kan gi økt risiko for lungekreft. Under-søkelser tyder på at risikoen for radon-eksponering er høyest for røykere.

Generell informasjon om radon finnes på Stråle-vernets radonsider: **www.radon.nrpa.no**

Dersom radonkonsentrasjonen er høyere enn 200Bq/kbm luft kan Husbanken gi tilskudd til gjennomføring av tekniske tiltak for å redusere radonkonsentrasjonen.



Delemoped ø.k.

Kontakt Ivar J. Ognøy

Tlf. 93 41 05 68

Bakre tilhengerlem
mistet på strekningen
Alvestadkroken-Føresvik-
Sunnalandsstraumen.

Ring Roger
52 74 85 56 - 97 14 06 75

Me søker etter **avløysar** for gard i per. 12. - 25. juli.
Arbeidstid pr. dag blir 2 t. morgon og 2 t. kveld.

Interesserte kan kontakta
Magnar & Randi Are - 52 74 85 05

(Høve til helgeavløysing seinare)

Helårs/halvårs **båtplass** ønskes leid på austsida/
nordsida av Vestre Bokn, vestsida/nordsida av
Austre Bokn eller Ognøy.

For 15 fots landstedsbåt som brukes til transport
til hytte på Høvringen.

Kjørevei fram til båtplass. Parkering for to-tre
biler i nærheten. Mulighet for opptrekk og sjø-
setting på båthenger i nærheten.

Gjerne med naust hvis mulig, helst i nord for
Boknasundet

988 31 000 (Leif André Skare)

Sommer- kampanje

Vi kan i disse dager friste med
forskjellige kampanje-priser.

Prisen inkl. fly, veil. flyskatter og 2
netter på hotell.

Det er her begrenset antall plasser.

Amsterdam	fra kr. 4 015,-
Barcelona	fra kr. 4 345,-
Paris	fra kr. 3 795,-
Helsinki	fra kr. 2 685,-
Budapest	fra kr. 4 070,-
Praha	fra kr. 4 090,-

De billigste setene går ofte først.

Reiseklubben 55+

Kontakt oss for mer informasjon
angående tur til opplevelsesrike
JERSEY.

UNIK Reiser

I samarbeid med Viking World

Kontakt oss på

Tlf: 51 57 97 87

www.unikreiser.no

Frisørgården


Det nærmer seg som-
mer og ferietid. Min ferie
blir i to omganger.

Først f.o.m. 9. juni t.o.m.
24. juni.
Så f.o.m. 9. juli og ut
mnd.

Oppstart etter ferien:
fredag 1. august.

Ha en fin sommer!

Anita



Gått i frå brillene?

Armani, sterk styrke,
har ligge ei stund i
Servicetorget og
venta.

Tlf. 52 75 25 00



BOKN KOMMUNE

Seksjon teknisk

FERIEVIKARER UTESEKSJONEN

Ved uteseksjonen trenger vi ferieavløysere til park-
messige oppgaver og utendørs vedlikehold på
kommunale bygninger, samt gartnerhjelp på kirke-
gården.

Tidsrommet er juni – august.

Søkere må være fylt 16 år.

Søknad sendes skriftlig til Bokn kommune, seksjon
teknisk, 5561 BOKN **innen 26.mai 2003.**

For spørsmål kontakt Unni W W Høivik,
tlf. 52 75 25 06

E-post: uhoivik@bokn.kommune.no

NY UTLYSNING FERIEVIKARER RENHOLD

Ettersom sommeren nærmer seg, og våre faste
renholdere i barnehagen og Boknatun skal ha ferie,
trenger vi ferievikarer.

Renhold barnehage, 5 uker

Renhold Boknatun, 6 uker

Søknad sendes skriftlig til Bokn kommune, seksjon
teknisk, 5561 BOKN **innen 26.mai 2003.**

For spørsmål kontakt Unni W W Høivik.



BOKN KOMMUNE

Seksjon kultur

VIDEO TIL BIBLIOTEKET

Har du **videofilmar** som du ikkje lenger vil tørka støv
av?

Biblioteket tar med glede i mot barne- og familie-
filmar.

Kontakt Linda - 52 75 25 45

E-post: lognoey@bokn.kommune.no

Til utleige

Bokn Hagelag leiger ut for 2 døgn

Plentrommel	100,-
Plenluftar	150,-
Tilhengar m/karm	200,-
Jordfresar, liten	150,-
Jordfresar, stor	300,-

Interesserte tar kontakt med
Berit Merethe Nordbø
Tlf. 91 78 66 86

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontoret kl. 09.00 - 14.00
Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.

Alle over 70 år er hjertelig velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivtør

Hundeeigarar, pass på!

Det er uappetiteleg og uhygienisk med hundeskitt
langs vegar og stiar!

Tenk t.d. på småungar langs vegen som vil ha seg
ein smaksprøve, det er fleire variantar å velja
mellom.

Mange hundeeigarar er flinke og tar opp
desse usmakelege spora etter kjæledyret
sitt med ein gong, medan mange kan bli
mykje flinkare. Skjerp dykk!

Hugs også båndtvangen, heile året.....



BOKN BYGDABLAD



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR


Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

Stort forsidebilde

Snømagnolia i blomst i
boknahage.

Foto: Kari Hetland



**Ifgl. Institutt for plantefag på Ås er snø-
magnolia månadens plante i mai.**

Treet byrjar å blomstra før løvsprett omkring 10.
mai. Blomstene er kvite, derav namnet snømag-
nolia. Kronbladene er store og blir lett skadde der-
som plantene blir utsett for mykje vind. Magnolia
bør derfor få ein lun plass i hagen, men han bør
plantast på ein solrik stad dersom me
ynskjer rik blomstring.

Greiner med blomsterknoppar kan ein ta inn til
driving på ettermvinteren. Vinterknoppene er store
og svært grålodne.

1. klasse hausten 2003



Desse elevane vart innskrivne 25. april 2003.

Frå venstre: Torgils Hognaland, Maria Ramstad Nemeth, Faltin Våge, Christopher Strand Vik, Sofie Rossebø, Anne Gerd Ramstad Nemeth, Julie Bokneberg, Joar Kvinnesland Øvrebø og Simen Havikbotn.

Fyrste skuledag for den nye klassen vert 18. august med klassestyrar Sandra Vestvik.